



Forvaltningskomiteen på synfaring på Korsnes tysdag morgon. Det gule nauset til venstre er det Rød har i dag, bakover til høgre ligg dei nye nausta som er tufta på ein separat reguleringsplan. Nauset til Rød blir svært likt det kvite nauset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen var på synfaring på Korsnes onsdag morgon - før den handsama den utsette naustsaka til Arne K. Rød. Og inntrykka på staden førte til at politikarane samrøystes gav Rød løyve - som omsøkt - til å byggja naust i to plan. Endre Blokhus (Frp) kom med framlegget om dette.

Rød har naust i ei høgd på same staden frå før. Rådmannen kunne ikkje strekkja seg lenger enn dette og viste til føresegnene til reguleringsplanen i området.

Men under handsaminga kom det fram at korkje den gamle reguleringsplanen på austsida eller den nye for fire naust på vestsida av Rød sitt naust gjeld for dette prosjektet. Der gjeld derimot kommunedelplanen, som viser naust på området. Dermed er det "fritt fram" etter eigne retningslinjer.

Rød møtte stor velvilje frå politikarane. Øyvind Hardeland (Ap) opna med å erklæra at partiet hans var positivt til prosjektet. Han slo fast at det ville vera skjemmande å la nauset stå og at det har trong for ei ansiktsløfting. Vest for Rød sitt naust er det fire høgare naust under byggjing basert på ein separat plan og Morten Vevatne (V) sa at dei som er enkeltstående og står utanfor eit slikt "naustlag" ikkje vil ha dei same mogelegheiter med sine prosjekt.

- Korleis skal ein koma fram til ei lik vurdering, spurte Vevatne, som meinte at ein her hamnar i eit dilemma.

Elin Legland (Sp) peika på at Rød sitt naustprosjekt ligg på grensen mellom ein privat og ein offentleg reguleringsplan.

Ho streka under at nauset slik Rød har planlagt det ikkje vil "bryta ut" samanlikna med dei andre som allereie er bygt der.

Ho la vidare vekt på at eit naust må ha ein viss funksjon og spurte med tanke på den store skøyta til Rød: - Kva skal han med naust hvis han ikkje får inn i det det han treng?

Legland syntes også det vil vera kjempespennande dersom det kan satsast på utleigenaust i Kvinnherad..

Leiar Einar Saghaug (Innbyggjarpartiet): - Ein skal ikkje byggja eit stort naust fordi ein har stor båt. Men også eg går inn for at han får løyve.

Også Thorleif J. Hellesøy (Uavhengig Sentrum) gjekk inn for å akseptera søknaden og Endre Blokhus streka under at det i prinsippet gjeld å utvida eit eksisterande naust, ikkje å byggja eit nytt.

Det var verksemdsleiar Tormod Fossheim som peika på at Rød sitt område fell midt mellom to reguleringsplanar. I det aktuelle området er det kommunedelplanen som gjeld og den viser naustbyggjing som føremål.

Det heiter i vedtaket at ålmenta skal kunne nytta bryggje og strandområde.

Av Ola Matti Mathisen



Forvaltningskomiteen på Korsnes. Frå venstre Tormod Fossheim frå kommunen, leiar Einar Saghaug, Morten Vetvatne, naustsøkjar rød og Thorleif J. Hellesøy. (Foto: Ola Matti Mathisen)